



Store mengder tømmer ligg på Børneskaien, klar for utskipping.

Med budsjettvedtak i Kvinnherad kommunestyre i dag ligg det inne ei løyving på 2 mill kr til utbetring av Børneskaien i Uskedalen. Kaien har i lengre tid hatt svekka bereevne og det er heilt naudsynt at det vert iverksett forsterking av den berande konstruksjonen.

Kaien på Børneset er egentleg to kaiar, ein kommunal del i aust og ein del i vest som er eigd av Skogeigarlaget. Kaien vert i dag brukt som ein kai, særleg til utskipping av tømmer. Sprekker gjer at det kjem sjøvatn inn i konstruksjonen. Dette fører til rust og redusert bereevne.

Det er gjort ein tilstandsrapport på Børneskaien i 2012 og alt då var det påkrevd med tiltak straks. Kaien er mykje brukt og til tider ligg det store mengder tømmer lagra i påvente av utskipping. Skogeigarlager er orientert om situasjonen. Kommunen har rammeavtale med utførande prosjektering. Ei løyving på 2 mill kr. strekk ikkje til, men det er ein god start for å sikra kaien for vidare bruk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal